

**Utval:** **Fellesnemnda**  
**Møtestad:** Scandic Flesland Airport, Blomsterdalen  
**Dato:** 18.12.2017  
**Tidspunkt:** 10.15-14.45

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
<b>Hordaland</b>			
Anne Gine Hestetun	Leiar	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Roald Stenseide	Medlem	Frp	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Pål Kårbø	Medlem	KrF	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	
<b>Sogn og Fjordane</b>			
Jenny Følling	Nestleiar	Sp	
Sigurd Reksnes	Medlem	Sp	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	
Helen Hjertaas	Medlem	A	
Bjørn Hollevik	Medlem	H	

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
<b>Hordaland</b>		
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
<b>Sogn og Fjordane</b>		
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Hilmar Høl	Medlem	A
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Gunhild Berge Stang	Medlem	V

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Parti
<b>Hordaland</b>		
Synnøve Solbakken	Kari Sørensen Bernardini	A
Kjell Håland	Helge Nævdal	A

**Sogn og Fjordane**

Henrik Oppen	Åshild Kjelsnes	A
Torbjørn Vereide	Hilmar Høl	A
Jon Olav Kvamme	Trude Brosvik	KrF
Marita G. Aarvik	Gunhild Berge Stang (V)	Frp

**Frå administrasjonane møte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, Hordaland
Tore Eriksen	Fylkesrådmann, Sogn og Fjordane
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar, Hordaland
Ole Inge Gjerold	Seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane
Bertil Søfteland	Jurist, leiar fylkessekretariatet, Hordaland
Svein Hågård	Juridisk sjef, Sogn og Fjordane
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør, Hordaland
Hilde J. Mæland	Kommunikasjonsleiar, Hordaland
Bjarte Brask Eriksen	Kommunikasjonsrådgjevar, Hordaland
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet, Hordaland
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet, Hordaland
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet, Hordaland

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/17	Val av leiar og nestleiar i fellesnemnda (FN)	2015/1434	
PS 2/17	Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) - oppnemning og delegering av mynde	2015/1434	
PS 3/17	Partssamansett utval (PSU) for samanslåingsarbeidet	2015/1434	
PS 4/17	Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleiar	2015/1434	
PS 5/17	Rekruttering av prosjektleiar/fylkesrådmann	2015/1434	
PS 6/17	Politisk organisering - prosess for endeleg utforming	2015/1434	
PS 7/17	Fylkesvåpen - utforming og fastsetjing	2015/1434	
PS 8/17	Budsjett for eingongskostnader ved samanslåinga	2015/1434	
PS 9/17	Fellesnemnda si møteplan for 2018	2015/1434	
PS 10/17	Fellesnemnda sin prosjekt- arbeidsplan	2015/1434	
PS 11/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/17	Reglement for fellesnemnda	2015/1434	
RS 2/17	Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017)	2015/1434	
RS 3/17	Uttale til Stortinget om namn på ny region som omfattar Sogn og Fjordane og Hordaland. Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune. (05.12.2017)	2015/1434	
RS 4/17	Uttale til Stortinget om namn på ny region som omfattar Sogn og Fjordane og Hordaland. Brev frå Rogaland fylkeskommune (05.12.2017).	2015/1434	
RS 5/17	Møte med KMD om namn på den nye fylkeskommunen	2015/1434	
RS 6/17	Oppfølgingstilbud til fylkeskommunar som skal slå seg saman	2015/1434	
RS 7/17	Kontrollutvala - referat frå fellesmøte (20.11.2017)	2015/1434	
RS 8/17	Forskrift om samanslåing av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune	2015/1434	
RS 9/17	Oversendingsforslag - namneforslag ved samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane	2015/1434	
PS 12/17	Ymse		

## PS 1/17 Val av leiar og nestleiar i fellesnemnda (FN)

### Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesordføraren i Hordaland vert vald til leiar for fellesnemnda.
2. Fylkesordføraren i Sogn og Fjordane vert vald til nestleiar for fellesnemnda.

### Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017

Fylkesrådmennene sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Fylkesordføraren i Hordaland vert vald til leiar for fellesnemnda.
2. Fylkesordføraren i Sogn og Fjordane vert vald til nestleiar for fellesnemnda.

## PS 2/17 Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) - oppnemning og delegering av mynde

### Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda set ned eit arbeidsutval med følgjande faste medlemmer og varamedlemer:

	Fast medlem	Varamedlem
1.	Fylkesordførar, Hordaland – leiar	.....
2.	Fylkesordførar, Sogn og Fjordane – nestleiar	.....
3.	Fylkesvaraordførar, Hordaland	.....
4.	Fylkesvaraordførar, Sogn og Fjordane	.....
5.	....., Hordaland	.....
6.	....., Sogn og Fjordane	.....

2. Arbeidsutvalet kan gjere vedtak i følgjande saker der ein ikkje treng å kalle saman heile fellesnemnda:
  - a) Kurante saker utan vesentleg økonomisk eller prinsipiell betydning.
  - b) Hastesaker der det er nødvendig å gjere vedtak i forkant av oppsette møte i fellesnemnda.
  - c) Oppfølging av fullmakter i enkeltsaker gitt av fellesnemnda.

### Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017

#### Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Punkt 1:

Auke talet på medlemmer i arbeidsutvalet med ein representant.»

#### Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Ein aukar talet på møte i fellesnemnda frå 3 til 4 møte i semesteret.»

#### Jenny Følling (Sp) sette fram slikt forslag (a):

«Punkt 1:

Arbeidsutvalet vert samansett av 4 medlemmer frå Hordaland og 4 medlemmer frå Sogn og Fjordane.»

Tomren trekte forslaget sitt.

**Jenny Følling (Sp)** sette fram slikt forslag (b):

«Punkt 1:

Medlemer i arbeidsutvalet frå Sogn og Fjordane:

Bjørn Hollevik, H  
Sigurd Reksnes, Sp

Vara i nummerrekkefølge for Sogn og Fjordane:

1. Hilmar Høl, A
2. Trude Brosvik, KrF
3. Helen Hjertaas, A
4. Gunhild Berge Stang, V»

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av A, Sp, SV og KrF i Hordaland fram slikt forslag:

«Punkt 1:

Varamedlemer for Anne Gine Hestetun, A og Pål Kårbø, KrF:

1. Benthe Bondhus, Sp
2. Roald Kvamme, A
3. Aud Karin Oen, SV
4. Helge Nævdal, A»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, Frp, MDG og V i Hordaland fram slikt forslag:

«Punkt 1:

Faste medlemer:

1. Silja Ekeland Bjørkly, H
2. Roald Stenseide, Frp

Varamedlemer:

1. Tom Sverre Tomren, MDG
2. Anne-Beth Njærheim, V
3. Mona Røsvik Strømme, H
4. Sigbjørn Framnes, Frp»

Stenseide trekte forslaget sitt.

### **Røysting**

Følling sitt forslag punkt 1 (a) vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmennene sitt forslag punkt 1 med Kvamme og Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmennene sitt forslag punkt 1 med Følling sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmennene sitt forslag punkt 2 a), b) og c) vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fellesnemnda set ned eit arbeidsutval med følgjande faste medlemer og varamedlemer:

<b>Fast medlem</b>	<b>Varamedlem</b>
<b>Hordaland</b>	
1. Fylkesordførar Anne Gine Hestetun, A, leiar	1. Benthe Bondhus, Sp
2. Fylkesvaraordførar Pål Kårbø, KrF	2. Roald Kvamme, A
	3. Aud Karin Oen, SV

3. Silja Ekeland Bjørkly, H
4. Roald Stenseide, Frp

4. Helge Nævdal, A

1. Tom Sverre Tomren, MDG
2. Anne-Beth Njærheim, V
3. Mona Røsvik Strømme, H
4. Sigbjørn Framnes, Frp

#### **Sogn og Fjordane**

1. Fylkesordfører Jenny Følling, Sp, nestleiar
2. Fylkesvaraordfører Åshild Kjelsnes, A
3. Bjørn Hollevik, H
4. Sigurd Reksnes, Sp

1. Hilmar Høl, A
2. Trude Brosvik, KrF
3. Helen Hjertaas, A
4. Gunhild Berge Stang, V

2. Arbeidsutvalet kan gjere vedtak i følgjande saker der ein ikkje treng å kalle saman heile fellesnemnda:
  - a) Kurante saker utan vesentleg økonomisk eller prinsipiell betydning.
  - b) Hastesaker der det er nødvendig å gjere vedtak i forkant av oppsette møte i fellesnemnda.
  - c) Oppfølging av fullmakter i enkeltsaker gitt av fellesnemnda.

### **PS 3/17 Partssamansett utval (PSU) for samanslåingsarbeidet**

#### **Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda set ned eit partssamansett utval med 4 hovudtillitsvalde frå arbeidstakersida og følgjande faste medlemmer og varamedlemmer frå fellesnemnda:

Fast medlem	Varamedlem
1. ...., Sogn og Fjordane – leiar	.....
2. ...., Sogn og Fjordane	.....
3. ...., Hordaland	.....
4. ...., Hordaland	.....
5. ...., Hordaland	.....

2. Fellesnemnda ber om at arbeidstakersida peikar ut ein tillitsvald frå kvar av hovudsamanslutningane til det partssamansette utvalet. I tilknytning til utpeikinga må det òg peikast ut varamedlemmer.
3. Det partssamansette utvalet får i oppgåve å utforme eit utkast til omstillingsavtale som m.a. avklarar rammene for korleis dei tilsette skal sikrast medverknad og involvering i samanslåingsprosessen. Utvalet legg omstillingsavtalen fram for fellesnemnda for endeleg godkjenning. Fellesnemnda vil – ved si godkjenning av avtalen – også vedta (PSU) sitt mandat.
4. Utgreiingsarbeid og rapportar frå prosjektgruppene skal leggjast fram for det partssamansette utvalet for uttale.

#### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017**

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt forslag:

##### **«Fast medlem**

1. Anne Gine Hestetun, A, Hordaland
2. Pål Kårbø, KrF, Hordaland

##### **Varaliste**

1. Roald Kvamme, A
2. Benthe Bondhus, Sp
3. Aud Karin Oen, Sp
4. Helge Nævdal, A»

**Jenny Følling (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Leiar: Jenny Følling, Sp, Sogn og Fjordane  
Hilmar Høl, A, Sogn og Fjordane

**Vara i nummerrekkefølge**

1. Åshild Kjelsnes, A
2. Sigurd Reksnes, Sp
3. Trude Brosvik, KrF»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, Frp, MDG og V i Hordaland fram slikt forslag:

«Medlem: Silja Ekeland Bjørkly, H, Hordaland

Vara: Sigbjørn Framnes, Frp  
Anne-Beth Njærheim, V»

**Nils Marton Aadland (H)** sette på vegner av H, V, MDG og Frp fram slikt oversendingsforslag til fellesnemnda sitt arbeidsutval:

«Det vert sett ned ei valnemnd som førebur val til utval under fellesnemnda. Valnemnda består av 5 politiske representantar, 3 frå posisjonen og 2 frå opposisjonen.»

**Røysting**

Fylkesrådmennene sitt forslag punkt 1 med forslaga frå Kårbø, Følling og Bjørkly vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmennene sitt forslag punkt 2-4 vart samrøystes vedteke. Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

**Vedtak**

1. Fellesnemnda set ned eit partssamansett utval med 4 hovudtillitsvalde frå arbeidstakersida og følgjande faste medlemmer og varamedlemmer frå fellesnemnda:

**Fast medlem**

**Sogn og Fjordane**

1. Jenny Følling, Sp, leiar
2. Hilmar Høl, A

**Hordaland**

3. Anne Gine Hestetun, A
4. Pål Kårbø, KrF

5. Silja Ekeland Bjørkly, H

**Varamedlem**

1. Åshild Kjelsnes, A
2. Sigurd Reksnes, Sp
3. Trude Brosvik, KrF

1. Roald Kvamme, A
2. Benthe Bondhus, Sp
3. Aud Karin Oen, SV
4. Helge Nævdal, A

1. Sigbjørn Framnes, Frp
2. Anne-Beth Njærheim, V

2. Fellesnemnda ber om at arbeidstakersida peikar ut ein tillitsvald frå kvar av hovudsamanslutningane til det partssamansette utvalet. I tilknytning til utpeikinga må det òg peikast ut varamedlemmer.
3. Det partssamansette utvalet får i oppgåve å utforme eit utkast til omstillingsavtale som m.a. avklarar rammene for korleis dei tilsette skal sikrast medverknad og involvering i samanslåingsprosessen. Utvalet legg omstillingsavtalen fram for fellesnemnda for endeleg godkjenning. Fellesnemnda vil – ved si godkjenning av avtalen – også vedta (PSU) sitt mandat.
4. Utgreiingsarbeid og rapportar frå prosjektgruppene skal leggjast fram for det partssamansette utvalet for uttale.

## PS 4/17 Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleder

### Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleder får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

### Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017

Følgjande endra forslag frå fylkesrådmennene vart sendt til medlemene i fellesnemnda (endringane er understreka):

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet, i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.2017.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleder får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen men med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

### Røysting

Fylkesrådmennene sitt endra forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet, i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.2017.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleder får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen men med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

## PS 5/17 Rekruttering av prosjektleder/fylkesrådmann

### Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda startar prosessen med å tilsetje prosjektleder for samanslåinga av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Prosjektledaren vil tiltre som fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen frå 01.01.2020.
2. Til denne rekrutteringsprosessen nemner fellesnemnda opp eit eige tilsetjingsutval, bestående av arbeidsutvalet (FN-AU) og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane.



## **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017**

**Nils Marton Aadland (H)** sette fram slikt oversendingsforslag til fellesnemnda sitt arbeidsutval:

«Stillinga som prosjektleiar/rådmann blir lyst ut eksternt.»

### **Røysting**

Fylkesrådmennene sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

1. Fellesnemnda startar prosessen med å tilsetje prosjektleiar for samanslåinga av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Prosjektleiaren vil tiltre som fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen frå 01.01.2020.
2. Til denne rekrutteringsprosessen nemner fellesnemnda opp eit eige tilsetjingsutval, bestående av arbeidsutvalet (FN-AU) og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane.

## **PS 6/17 Politisk organisering - prosess for endeleg utforming**

**Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til politisk organisering for vedtak i fellesnemnda 2. kvartal 2018.
3. Fellesnemnda vurderer nærare når det vil vere naudsynt å gjere endringar som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.

## **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017**

Fylkesrådmennene sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til politisk organisering for vedtak i fellesnemnda 2. kvartal 2018.
3. Fellesnemnda vurderer nærare når det vil vere naudsynt å gjere endringar som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.

## **PS 7/17 Fylkesvåpen - utforming og fastsetjing**

**Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3. kvartal 2018.

## Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017

Fylkesrådmennene sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3. kvartal 2018.

## PS 8/17 Budsjett for eingongskostnader ved samanslåinga

### Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda har fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill. kr for samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland, og legg følgjande prinsipp til grunn for bruken av midlane:
  - a) Innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektleiar, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert dekkja innanfor ramma på 30 mill. kr som fellesnemnda disponerer.
  - b) Reise- og diettkostnader vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
  - c) Godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m. vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
  - d) Frikjøp av tillitsvalde vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
2. Fellesnemnda får seg førelagt ei eiga budsjettsak til første møtet i 2018. Fylkesrådmennene avklarar nærare faktiske kostnader knytt til samanslåinga i framlegget til budsjett.
3. Fylkesrådmennene får, fram til budsjettet er klart, fullmakt til å disponere fellesnemnda si ramme på 30 mill. kr. for å dekke påløpte kostnader i samsvar med omtalen av prinsipp for finansiering av eingongskostnader.

## Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017

### Sigurd Reksnes (Sp) sette fram slikt forslag:

«Det skal vurderast om tilskot til dei politiske partia skal aukast som følgje av naudsynte prosessar fram mot 2020.»

### Røysting

Fylkesrådmennene sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Reksnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fellesnemnda har fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill. kr for samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland, og legg følgjande prinsipp til grunn for bruken av midlane:
  - e) Innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektleiar, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert dekkja innanfor ramma på 30 mill. kr som fellesnemnda disponerer.
  - f) Reise- og diettkostnader vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
  - g) Godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m. vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
  - h) Frikjøp av tillitsvalde vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
2. Fellesnemnda får seg førelagt ei eiga budsjettsak til første møtet i 2018. Fylkesrådmennene avklarar nærare faktiske kostnader knytt til samanslåinga i framlegget til budsjett.

3. Fylkesrådmennene får, fram til budsjettet er klart, fullmakt til å disponere fellesnemnda si ramme på 30 mill. kr. for å dekke påløpte kostnader i samsvar med omtalen av prinsipp for finansiering av eingongskostnader.
4. Det skal vurderast om tilskot til dei politiske partia skal aukast som følgje av naudsynte prosessar fram mot 2020.

## **PS 9/17 Fellesnemnda si møteplan for 2018**

### **Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

Fellesnemnda fastset følgjande møteplan for 2018:

1. 07.-08.03.18 Leikanger – samordna med FU-møtet 07.03.18 (kveld/påfølgjande dag)
2. 03.-04.05.18 Bergen – samordna med FU-møtet 03.05.18 (kveld/påfølgjande dag)
3. 20.-21.06.18 Førde – samordna med FU-møtet 20.06.18 (kveld/påfølgjande dag)
4. 20.-21.09.18 Bergen – samordna med FU-møtet 19.-20.09.18 (kveld/påfølgjande dag)
5. 29.-30.10.18 Leikanger – samordna med FU-møtet 29.10.18 (kveld/påfølgjande dag)
6. 06.-07.12.18 Bergen – samordna med FU-møtet 06.12.18 (kveld/påfølgjande dag)

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017**

Fylkesrådmennene gjorde framlegg om slike endringar i møteplanen:

Marsmøtet 2018 vert endra til 8. mars.  
Junimøtet vert endra til 22. juni.

### **Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:**

«Fellesnemnda ber om at det vert vurdert å leggje til eit møte meir i løpet av haustsemesteret 2018 og at fylkesrådmennene kjem med ei vurdering på dette til neste møte i fellesnemnda.»

### **Røysting**

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Fylkesrådmennene sitt forslag med endringar vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. 08.03.18 Leikanger – samordna med FU-møtet 07.03.18
2. 03.-04.05.18 Bergen – samordna med FU-møtet 03.05.18 (kveld/påfølgjande dag)
3. 22.06.18 Førde – samordna med FU-møtet 20.06.18
4. 20.-21.09.18 Bergen – samordna med FU-møtet 19.-20.09.18 (kveld/påfølgjande dag)
5. 29.-30.10.18 Leikanger – samordna med FU-møtet 29.10.18 (kveld/påfølgjande dag)
6. 06.-07.12.18 Bergen – samordna med FU-møtet 06.12.18 (kveld/påfølgjande dag)
7. Fellesnemnda ber om at det vert vurdert å leggje til eit møte meir i løpet av haustsemesteret 2018 og at fylkesrådmennene kjem med ei vurdering på dette til neste møte i fellesnemnda.

## **PS 10/17 Fellesnemnda sin prosjekt- arbeidsplan**

### **Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda godkjenner vedlagde prosjekt-/arbeidsplan for nemnda sitt arbeid.
2. Fellesnemnda føreset at fylkesrådmennene/prosjektleiari rapporterer på framdrifta i vedlagde framdriftsplan, og at avvik vert varsla tidlegast råd.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017**

Fylkesrådmennene sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Fellesnemnda godkjenner vedlagde prosjekt-/arbeidsplan for nemnda sitt arbeid.
2. Fellesnemnda føreset at fylkesrådmennene/prosjektleiari rapporterer på framdrifta i vedlagde framdriftsplan, og at avvik vert varsla tidlegast råd.

## **PS 11/17 Referatsaker (skriv og meldingar)**

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017**

I samband med RS 5/17 «Møte med KMD om namn på den nye fylkeskommunen» og RS 9/17 «Oversendingsforslag - namneforslag ved samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane» kommenterte ei rekkje medlemer namnet på den nye fylkeskommunen.

#### **Vedtak**

Referatsaker 1-9/17 vart refererte.

## **PS 12/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.12.2017**

#### **GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKLISTE**

**Pål Kårbø (KrF)** kommenterte at det var unødvendig å få det same vedlegget mange gonger.

#### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjent med merknaden over.

#### **YMSE**

På bakgrunn av innspel frå idrettskrinsen i Sogn og Fjordane tok **Sigurd Reksnes (Sp)** opp organiseringa av idrettsfeltet i den nye fylkeskommunen. Leiaren av fellesnemnda vil syte for at problemstillinga vert drøfta i det vidare arbeidet.